

**Fra:** [Egil Hillestad](#)  
**Til:** [Turid Verdal](#); [Post ABO Stord](#)  
**Emne:** Detaljregulering for Røysaneset industribase-Høylandsbygd, 202/140mfl. Kvinnherad Kommune, Plan - ID2023002.  
**Dato:** søndag 21. april 2024 23:31:01

Some people who received this message don't often get email from [egilhillestad@gmail.com](mailto:egilhillestad@gmail.com). [Learn why this is important](#)

Hei,  
Underteikna bur på Gnr.202 bnr11 og vil vera kontaktperson for denne eigdommen..

Referer til varsel om oppstart datert 05.03.2024 samt infomøte på Røysanest 11.04.2024.

Varsel seier at mogelege merknadar og synspunkt skal sendast innan høyringsfristen 22.04.2024. Tolkar dette slik at innan betyr at 22.04 då er medrekna og eventuelle merknadar også kan sendast i løpet av mandagen.

Kjenner området godt sidan før utbygginga starta tidleg på 1970 talet. Det har vore varierende drift i området, men har vore viktige arbeidsplassar. Det er positivt med den opprydding som er utført seinare år samt planar for vidare utvikling.

Me har nå fått ein god plan over kva som skal utgreiast. Ser fram til resultatet av dette arbeidet for å god nok informasjon om konsekvensar

Nokre punkt:

Foslag til plangrense og veggeometri viser at det går med litt dyrka areal på 202/11 det det er vegutviding. Håpar dette ikkje blir meir enn naudsynt. Skissene er grove og lite lesbare. Forsto at det undevegs vil bli laga meir detaljert dokumentasjon med eventuelle justeringar samt arrangert synfaring/møte med berørte grunneigarar  
Noter at 202/62 blei frådelt 202/11 ved tidlegare uvidelse av vegen og at eksisterande grenser difor skulle vera klåre.

Ein bør vurdere om det kan finnast betre løysingar det vegen får eit smalare parti. (litt smalare fortau?) Fryktar vist geometri kan føra til meir støy for naboar i forbindelse med nedbremsing og start, samt medføra trafikkfarlege situasjonar

Når det gjeld næringsområdet bør ein ikkje omdisponera friluftsområde i søraust. Dette området bør liggja som ein buffer mot friområde og busetnad.  
Sett frå søraust og fjorden har området frå toppen (Håfjell 34moh.) og ned mot sjøen (Fiskaberget) ein profil som ikkje bør brytast. Går ut frå at dette blir vurdert i landskapsanalyse.

Det er nå lite informasjon om kva som skal og høgde på Det skal lagast 3D av området. Eit forslag er at det bør visast hall over eventuell ny stor dokk. Meiner hall er naudsynt for å konkurrera om framtidige oppdrag.

Med venleg helsing

Egil Hillestad

mob 995 18852